

Hetleholvda , 15. desember 2016

Lindås kommune

Trafikksikring v/Irene Wilhelmsen

5914 Isdalstø

Montering av nytt lys i den gamle tunnelen mellom Konglevoll og Bruvoll på Hundvinsvegen.

Viser til hyggeleg telefonsamtale i dag om denne saka.

Vil med dette oppmoda om at det vert montert nytt lys i den gamle tunnelen på Hundvinsvegen.

Tidlegare var det lys i tunnelen, men det vart fjerna for fleire tiår sidan. Dette trur eg vart gjort i samband med sikringsarbeid. Mange har stilt seg spørjande til **kvifor ikkje lyset vart montert opp på nytt** når utbetringsarbeidet var ferdig ?

Då vegkrysset på Konglevoll vart oppgradert, vart Hundvinsvegen gjennom gamletunnelen merka som gang og sykkelsti.

Det er sett opp 16 stolpar med veglys heilt fram til tunnelopninga, medan tunnelen er mørklagt.

Resultatet er at mange vegrar seg for å bruka gamletunnelen på kveldstid. Resultatet er at dei føretrekkjer å gå eller sykla den sterkt trafikkerte FV 57 gjennom «nye» tunnelen som er godt opplyst, sjølv om denne er stengt for desse brukarane.

Vi vonar Lindås kommune tek fatt i denne saka og at **«vi ser lys i tunnelen»** allereide i vinter !

Mvh

Rune Brundtland

på vegne av mange i Hundvinbygda

Tlf 952 65 955

e-post: rune.brundtland@online.no

Kopi sendt: Rådmann Ørjan Raknes Forthun